

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
096/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Risnes Elektro AS - Kompetanseheving

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Kompetanseheving* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 096/21 Vedtak:

Prosjektet *Kompetanseheving* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Risnes Elektro AS er eit aksjeselskap. Bransje: 43.210 Elektrisk installasjonsarbeid. Registrert 19.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

For å styrka satsinga på å nå ut til fleire næringslivskundar ønskjer verksemda å søkja om støtte til omstrukturering og kompetanseheving av eigne tilsette. Verksemda driv med all form for moderne installasjon og har 14 tilsette.

Prosjektleveranse/Målsetting

Delmål:

1. **Omstrukturering av eigne tilsette.** Verksemda har allereie gjort ei intern omstrukturering definert inndeling av rollar.
2. **Kompetanseheving:** Søkjar ser behov for kompetanseheving for å møte etterspørsel frå eit næringsliv i utvikling med nye behov.
3. **Nye tilsette:** Det vil vere eit mål å tilsette fleire fagfolk utanom også å rekruttere lærlingar.

Hovudmål:

4. **Nye kunder:** Etablera kontakt med, og få fleire kunder.
5. **Gjera arbeidsplassen attraktiv:** i elektrofaget er det ein «turnover» på ca 32-35 år, Dvs når ein når den alderen så er det mange som skiftar yrke pga av at det er lite utfordringar. Derfor gjer me dette tiltaket for at tilsette e kan ha meir varierte oppgåver.

6. Auka omsetjing og inntening

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Kompetanseheving	250 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til kompetanseheving får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Risnes Elektro_soknad-2021-0013_7 apr 2021	1573088
14.06.2021	21_Risnes Elektro_Søknad Vedlegg_7 apr 2021	1573089